

# Arbeidsmiljøutvalet (AMU) årsrapport – 2021

## Bakgrunn

Meir om AMU og VO i Forskrift om organisering, leiing og medverknad, kapittel 3, § 3-7 og arbeidsmiljølova kapittel 6, §§ 6-1 til 6-5.

## Samansetting 2021

Siri Tjessem Fjælberg	verneombod
Karoline Strand Vigdel	vara verneombod (deler av tida i permisjon)
Guro Rana	vara i Vigdels permisjon
Carina Paulsen Mæland	arbeidstakarrepresentant
Thomas Iversen	vara arbeidstakarrepresentant
Brita Mauritzen Næss	arbeidstakarrepresentant
Maren Stapnes Ege	vara arbeidstakarrepresentant
Jan Erik Lorentzen	arbeidsgivarrepresentant
Baard-Christian Schem	vara arbeidsgivarrepresentant
Hilde Christiansen	arbeidsgivarrepresentant
Bente Aae	vara arbeidsgivarrepresentant
Inger Cathrine Bryne	arbeidsgivarrepresentant
Ivar Eriksen	vara arbeidsgivarrepresentant

Gina B. Holsen har vore sekretær gjennom heile perioden.

## Møter og saker i perioden

Det har vore 5 møte i 2021. Godkjenning av referat er fast sak på agendaen, og godkjende referat blir sende medlemmane og arkiverte. Referata, er tilgjengelege for alle medarbeidarane i Elements (arkivsystem).

Hovudpunkt i arbeid til AMU har vore:

### Faste saker

- HMS-handlingsplan
- årshjul
- sjukefråværsstatistikk i Helse Vest RHF
- medarbeidarundersøkinga ForBetring

### Andre saker

OU-prosjektet. Leiargruppa har vedteke at Helse Vest RHF skal flytte frå Forus til nye kontorlokale i K8, Knud Holms gate 8, i Stavanger sentrum. Estimert flyttedato er fjerde kvartal 2023. Vidare er det vedteke at framtidig arbeidsplassløyising i K8 skal vere ein aktivitetsbasert skjerma løyising.

For å førebu organisasjonen på nye måtar å arbeide saman på, med vekt på opne løyisingar med god tilgang på skjerma arbeidsplassar, sosiale møteplassar og møterom, har leiargruppa vedteke at det skal gjennomførast eit OU-prosjekt i perioden fram mot flytting til K8.

Tilpassing av aktivitetar grunna koronapandemien. Årshjulet, HMS-mål og handlingsplanar er mellom anna gjennomgatte på ny og ulike arrangement er blitt avlyste.

Det har vore ekstra merksemd på heimekontor, fleksibel arbeidstid, fysisk tilrettelegging, utstyr og trivsel. Alle medarbeidarar har avtale om heimekontor i tråd med dei nasjonale eller lokale retningslinjene.

I tråd med Arbeidsmiljølova (AML) §10-2(3) tilbyr Helse Vest RHF medarbeidarane fleksibel arbeidstid. Det er viktig for leiinga å understreke at arbeidsplassen er ein viktig, felles arena, og leiinga ønskjer at arbeidsplassen skal vere den gode arenaen for samarbeid, samspel og liknande.

AMU har også vore involvert i tilsynssak, og medverka til å lukke pålegg.

Fagdag for alle medarbeidarar er gjennomført.

## Gjennomførte kartleggingar

- Kartlegging av psykososialt arbeidsmiljø – ForBetring 2021

Godkjent av AMU 5.1.2022